



Ordning for hovudgudsteneste i Austrheim og Fedje sokn

Kommentar:

Dei punkt i liturgien som er aktuelle for kyrkjelyden vil bli vist på skjerm. Der vil og salmar og relevant informasjon bli vist, t.d. Vipps nr. under takkoffer

i. Samling

1 Førebuing

Kyrkjerommet er oppe ei stund før gudstenesta, med høve til å vera stille, tenna lys og be.

Klokkeringing

Her eller etter ledd 3 Helsing kan det vera

Kort informasjon om gudstenesta i dag ved medliturg eller liturg.

Informasjonen blir avslutta med:

ML/L: Lat oss vera stille for Gud.

Kort stille stund

Tre klokkeslag

Eit stjerneteikn (*) er sett til ledd der kyrkjelyden som hovudregel står.

*2 Inngangssalme

Som preludium kan det framførast vokal-eller instrumentalmusikk som svarar til dagens karakter. Til vanleg blir dette gjort som forspel til salmen.

Det kan vera prosesjon under preludiet/forspelet og/eller inngangssalmen. Prosesjonskross blir boren fremst i prosesjonen. Lys, tekstbok, dåpsvatn, brød og vin kan òg bli bore inn.

Kyrkjelyden står under prosesjon, og kan bli ståande under Inngangssalme og Helsing.

Kommentar:

Brød og vin er utelate frå inngangsprosesjon, inklusiv kommentar om plassering på sidebord m.m.

Setningen "og kan bli ståande" er teke med etter prosesjon, slik at det er høve til at kyrkjelyden sit under Inngangssalme og Helsing

*3 Helsing

Når det er dåp i hovudgudstenesta, vel ein eitt av dei to første inngangsorda.
Før dei to første alternativa til inngangsorda kan liturgen seia:

Kjære kyrkjelyd:

L | Nåde vere med dykk og fred
frå Gud, vår Far, og Herren Jesus Kristus.

eller

L | Vår Herre Jesu Kristi nåde, Guds kjærleik
og Den heilage andens samfunn vere med dykk alle.

eller annan godkjend helsing.

Kyrkjelyden set seg dersom den har stått under Inngangssalme og Helsing.
Her kan liturg seie fram ei heilt kort velkomsthelsing til kyrkjelyden og dåpsfølget m.fl.
Dersom kort informasjon om gudstenesta ikkje vart gjeven under ledd 1, kan det koma her.

Kommentar:

Her er tilføyd "dersom den har stått. ", sjå forrige kommentar.

Her er tilføyd "Her kan liturg..." for å opne for at liturg kan møte kyrkjelyden med nokre fritt valde ord tidleg i gudstenesta, sjølv om info er gjeven i pkt. 1.

4 Samlingsbøn

ML | Lat oss be.

anten 1

ML | Gud, vi er komne inn i ditt heilage hus for å ta imot det du vil gje oss.
Lat no opp hjarta våre, så vi kan fornyast i trua på deg

eller annan godkjend samlingsbøn

ML | Gud, vi bed. Amen.

Kommentar:

Medliturg/klokkar avsluttar bønna med Amen, slik praksis er idag.

5 Syndsvedkjenning

Synsvedkjenninga blir innleidd med:

L | Lat oss bøya oss for Gud og sanna syndene våre.

Stilt ei kort stund

Liturgen kneler under synsvedkjenninga og den stille stunda. Også kyrkjelyden kan knela.

**A | Heilage Gud, vår skapar, sjå i nåde til oss.
Vi har synda mot deg og brote boda dine.
Tilgjev oss for Jesu Kristi skuld. Set oss fri til å tena deg,
verna om skaparverket
og møta vår neste med kjærleik.**

eller anna godkjend syndsvedkjenning.

Til somme gudstenester kan ein bruka andre syndsvedkjenningar enn dei godkjende alternativa. Bøna kan hentast frå ulike kjelder, eller ho kan formulerast lokalt.

Liturgen kan seia eit lovnadsord etter syndsvedkjenninga:

L | Guds ord seier: dersom vi sannar syndene våre, er han trufast og rettferdig, så han tilgjev oss syndene og reinsar oss for all urettferd. 1 Joh 1,9

eller annan godkjend tilseiing.

Kommentar:

Gudstenesteboka opnar for alternativt å plassera syndsvedkjenninga her eller som ledd 17, i forkant av forbøna. Det er utelate her.

6 Bønerop KYRIE og 7 | Lovsong GLORIA

Kyrie og Gloria blir sungne. Gloria kan utelatast i fastetida.

*Musikken og teksten til ordinarieledda Kyrie og Gloria er henta frå **Serie 2** i dei fem godkjende seriane, medan serie 1 blir brukt i nattverdliturgien. På familiegudsteneste blir Gloria 1c brukt (Salmen Måne og sol, eventuelt med innleiing)*

eller gloria 1 c

Salmen Måne og sol (N13: 240), eventuelt med innleiing:

L/ML | Syng for Herren, pris hans namn. Forkynn frå dag til dag hans frelse.
eller

Allmenn serie 2

**A | Kyrie eleison. Miskunna deg over oss. Kriste eleison. Miskunna deg over oss.
Kyrie eleison. Miskunna deg over oss.**

L/ML | Ære vere Gud i det høgste

A | og fred på jorda blant menneske som Gud har glede i. Vi lovar deg, vi prisar deg, vi tilbed deg, vi opphøgjer deg. Ved kort form: Amen.

Kommentar:

Rubrikken om val av liturgisk musikk er tatt inn i tråd med pkt. C i «Allmenne føresegner for hovudgudsteneste»

Gloria finst i kort og lang form. Her er vald kort form som normal og lang form ved høgtidsgudstenester.

Gudstenesteboka opnar for fleire variantar i fastetida og i samband med Gloria, men desse er ikkje er tekne med her.

Dagens bøn er utelate i normalordninga. Kan brukast i samband med preike eller kan arbeidast inn i samlingsbøna.

Dåp i hovudgudstenesta har ein vanlegvis her.

Dersom det er søndagsskule – namn med henvising til Kroko – går deltakarane ut til sin aktivitet før Ordet, etter eventuell dåp.

Normalt får ein først besøk av Kroko. Kyrkjelyden syng «Her er det plass for alle (?)» før utgang.

Kommentar:

Omtale av søndagsskulen er ført inn i samsvar med plan om søndagsskule under gudstenester frå haust 2021.

ii. Ordet

I andre hovudgudstenester enn høgmessa kan det vera to lesingar, eller éi lesing (evangeliet). Då kan ledd 10 Bibelsk Salme / Salme falla bort. Kyrkjelyden står under evangelielesinga og sit under dei andre lesingane.

L/ML | Lat oss høyra Herrens ord.

8 Første lesinga

Frå Det gamle testamentet

ML | Det står skrive i/hos...

Lesinga sluttar med:

ML | Slik lyder Herrens ord.

9 Bibelsk salme / Salme

Ein kan syngja ein bibelsk salme eller ein annan salme, det kan framførast korsong eller vera stilt ei kort stund mellom lesingane.

10 Andre lesinga

Frå Det nye testamentet utanom evangelia

ML | Det står skrive i...

Lesinga sluttar med:

ML | Slik lyder Herrens ord.

Kommentar:

I familiegudstenester er det normalt berre Evangelielesing.

11 * Evangelium

Halleluja

Evangelielesinga blir innleidd med ein salme, gjerne eit hallelujaomkvede eller eit salmevers med hallelujaomkvede. Ein kan òg ha evangelieprosesjon. Den som ber boka kan bli følgd av lysberarar.

Evangelielesing

L/ML | Det står skrive i evangeliet etter...

Lesinga sluttar med:

L/ML | Slik lyder det heilage evangeliet.

Eventuelt respons

Hallelujaomkvedet kan bli teke oppatt.

Kommentar:

Orda «...ein salme, gjerne...» er føydd inn i setningen: Evangelielesinga blir innleidd med *ein salme, gjerne eit hallelujaomkvede...* for å opna for ein salme etter dei to første skriftlesingane, slik tradisjonen er i Austrheim og Fedje.

Ordet “Eventuelt..” og “kan” er teke med for å opne for at respons ikkje alltid treng vere med.

Det finst også andre godkjende variantar omkring respons som ikkje er tekne med her.

12 Preike

Predikanten preikar over evangelieteksten eller annan oppsett preiketekst.

Preika kan avsluttast med ei av desse lovprisingane:

L | Ære vere Faderen og Sonen og Den heilage ande,
som var og er og vera skal éin sann Gud frå æve og til æve.

Etter preika kan det vera høve til ei stille stund, ein kort salme eller meditativ musikk.

Kommentar:

Det finst også ei anna godkjend avslutning som ikkje er teke med her.

*14 Truvedkjening credo

Truvedkjeninga blir sungen eller sagt fram.

Dersom det er dåp i gudstenesta, kan truvedkjeninga utelatast her. Eventuelt kan ein her syngja ein truvedkjeningssalme.

I familiegudsteneste brukar ein normalt å syngja truvedkjeningssalmen «Gud skapte lyset N13 243»

ML/L | Lat oss vedkjennast vår heilage tru. **A** | **Eg trur på Gud Fader, den allmektige, som skapte himmel og jord.**

**Eg trur på Jesus Kristus,
Guds einborne Son, vår Herre,
som vart avla ved Den heilage ande, fødd av Maria møy,
pint under Pontius Pilatus,
vart krossfest, døydde og vart gravlagd, fór ned til dødsriket,
stod opp frå dei døde tredje dagen, fór opp til himmelen,
sit ved høgre handa åt Gud, den allmektige Fader, skal koma att derifrå
og døma levande og døde.**

**Eg trur på Den heilage ande, ei heilag, allmenn kyrkje,
eit samfunn av dei heilage, forlating for syndene, oppstoda av lekamen
og evig liv.**

Amen. *Den apostoliske truvedkjenninga*

På høgtidsdagar nyttar ein denne truvedkjenninga:

**A | Vi trur på éin Gud, den allmechtige Far,
som har skapt himmel og jord, alt synleg og usynleg.**

**Vi trur på éin Herre, Jesus Kristus, Guds einborne Son,
fødd av Faderen før alle tider, Gud av Gud, lys av lys,
sann Gud av sann Gud, fødd, ikkje skapt,
av same vesen som Faderen. Ved han er alt skapt.
For oss menneske og til vår frelse steig han ned frå himmelen,
og ved Den heilage ande og av Maria møy vart han menneske av kjøt og blod.
Han vart krossfest for oss under Pontius Pilatus, leid og vart gravlagd,
stod opp tredje dagen etter Skriftene og fór opp til himmelen,
sit ved høgre handa åt Faderen, skal koma att i herlegdom
for å døma levande og døde,
og hans rike skal vera utan ende.**

**Vi trur på Den heilage ande, som er Herre og gjer levande,
som går ut frå Faderen og Sonen,
som vert tilbeden og æra saman med Faderen og Sonen, og som har tala
gjennomprofetane.**

**Vi trur på éi heilag, allmenn og apostolisk kyrkje. Vi vedkjennest éin dåp til
forlating for syndene og ser fram til oppstoda av dei døde
og eit liv i den komande verda. Amen.** *Den nikenske truvedkjenninga.*

Kommentar:

Gudstenesteboka opnar opp for at truvedkjenninga kan syngjast. Det er difor redigert inn eit punkt om truvedkjenningssalmen «Gud skapte lyset...» i familiegudstenesta ut frå lokal tradisjon.

15 Salme

Salmen kan utelatast dersom ein syng truvedkjenninga. Som alternativ kan ein syngja salmen mellom ledda 13 Preike og 14 Truvedkjenning.

Kommentar:

Gudstenesteboka opnar for å plassere kunngjeringar (pkt. 16) ein annan plass enn her. Difor kjem desse sist i gudstenesta, etter postludium.

Syndsvedkjenning (pkt. 17) er plassert som ledd 5, i tråd med at Gudstenesteboka alternativt opnar for den plasseringa.

18 Forbøn for kyrkja og verda

Forbøna leiast av medliturg og / eller prest. Dei enkelte bønavevsnitta kan lesast av fleire.

Kommentar:

Gudstenesteboka har i dette punktet fleire ulike rettleingar og henvisningar om utforming av bøn og bønemandring. Desse er ikkje tekne med her. Gudstenesteboka seier at bønane helst bør leiast av medliturg. Dette er opna litt opp her med at den leiast av medliturg og /eller prest.

I fastetida og på Bots- og bønendag nyttar ein som hovudregel litaniet. I familiegudstenester i fastetida blir ikkje litaniet brukt.

Kommentar:

I gudstenesteboka opnar ein opp for å bruka andre forbøner enn litaniet. Det er difor teken inn ein kommentar om familiegudstenester.

Forbøna kan bli innleidd med:

ML/L | Lat oss be for kyrkja og verda.

Kyrkjelydssvar

Etter kvart bønavevsnitt følgjer eit svar frå kyrkjelyden:

M | Herre, vår Gud, høyr oss når vi bed.

Eller anna godkjend bønvesvar

Etter siste bønavevsnitt syng alle **Amen**.

Her kan ev. følgja Fadervår.

Kommentar:

Her opnar gudstenesteboka for å minnast dei døde og be for sørgjande. Dette punktet er ikkje tatt med her. Det er tradisjon på Austrheim og Fedje at dette blir gjort i samband med Helgemesse.

Bønemandring kjem som hovudregel under forbøna i gudstenesta (ledd 18), men kan eventuelt koma samstundes med nattverdsutdelinga, når ein har bede ei felles forbøn i forbønsdelen. Om ein bed ei bøn for dei som har delteke i ulike stasjonar i bønemandringa, skal ein ikkje kombinera denne bønane med Takkebøn for nattverden etter måltidet.

Informasjon

Praktisk informasjon om takkoffer, eventuell bønemandring og tilhøve rundt nattverden.

Kommentar:

Det er her tatt inn eit punkt «Informasjon» i tråd med dagens praksis. Innhaldet i informasjonen er presisert her for å skilje denne frå kunngjeringsane som kjem til sist i gudstenesta. Informasjonen må vera kort og presis, helst nedskriven på førehand. Orientering om takkofferformalet blir gjeve i starten av gudstenesta, jfr. Pkt. 1.

19 Takkoffer / salme under takkoffer / nattverdsalme

Under ofringa kan det syngjast ein salme, som då blir salme før nattverd, eller framførast høveleg instrumental- eller vokalmusikk. Takkofferet samlast inn i kyrkjebenkane og elektronisk/Vipps, eventuelt ved at ein går rundt altaret.

Kommentar:

Gudstenesteboka opnar for denne plasseringa av takkoffer, som er i tråd med dagens ordning i Austrheim og Fedje.

Gudstenesteboka opnar for at salme under takkoffer er dagens nattverdsalme. Dette er i samsvar med dagens ordning i Austrheim og Fedje.

I informasjon om innsamlingsmetode er elektronisk innsamling/Vipps teken med.

Om nattverd ikkje er med i hovudgudsteneste, blir takkoffer tatt opp her og liturgien går vidare med ledd 24 etter takkoffer.

iii. Nattverd

Nattverdbordet blir dekket under salmen i punkt 19.

*20 Takkseiing og bøn

Ofringa blir avslutta med:

L | Evige Gud, di er jorda og det som fyller henne. Alt vi eig høyrer deg til. Av ditt eige gjev vi deg attende.

Ta imot oss og gåvene våre i Jesu namn. Amen.

Kommentar:

Kommentaren "Ein legg brød på disken og heller vin i begeret" er utelate her, då dette normalt er ferdig førebudd i Austrheim og Fedje.

Gudstenesteboka opnar for kyrkjelydssvar "Ta imot.", men i Austrheim og Fedje seier liturgen desse orda.

*21 Takkseiing og bøn

Kommentar:

Her nyttar ein Nattverdbøn a), då denne ligg nærast dagens ordning i Austrheim og Fedje. Dette blir gjort i kombinasjon med Serie 1, sjå rubrikk til punkt 6/7.

(Omarbeidd frå høgmissa 1977)

Nattverdsbøn a

Helsing PREFASJONSDIALOG

L syng eller seier | Herren vere med dykk.

K reiser seg og syng | **Og med deg vere Herren.**

L | Lyft dykkar hjarte.

K | **Vi lyfter våre hjarte til Herren.**

L | Lat oss takka Herren vår Gud.

K | **Det er verdig og rett.**

Innleiande lovprising PREFASJON

Liturgen vender seg mot altaret og syng eller seier fram prefasjonen.

Sjå prefasjonar for kyrkjeårstida.

I treeiningstida

L | I sanning verdig og rett er det at vi alltid og alle stader takkar deg, allmechtige Gud, evige Far, ved Jesus Kristus, vår Herre, han som du sende til frelse for verda, for at vi ved hans død skulle få forlating for syndene og ved hans oppstode vinna det evige livet. Ved han lovsyng englane din herlegdom, og di kyrkje i himmelen og på jorda prisar namnet ditt med samrøysta lovsong. Med dei vil vi òg blanda våre røyster og tilbedande syngja:

Heilag SANCTUS

Allmenn serie 1, 2, fest- og fasteserien

A syng | Heilag, heilag, heilag er Herren Sebaot. All jorda er full av din herlegdom. Hosianna i det høgste. Velsigna vere han som kjem i Herrens namn. Hosianna i det høgste.

L/ML seier | Vi prisar deg, heilage Gud, Skapar av himmel og jord, du som har elska verda og gjeve Son din, Jesus Kristus, for at han skulle frelsa oss frå synd og død og vinna deg eit heilag folk.

L | Vi bed deg: Send din Ande over dine gåver, så vi kan ta imot Jesus Kristus i brødet og vinen.

Innstiftingsorda Verba

L | Vår Herre Jesus Kristus, i den natta han vart sviken, tok han eit brød, takka, braut det, gav læresveinane og sa: Ta imot og et! Dette er min kropp som blir gjeven for dykk. Gjer dette til minne om meg. Like eins tok han begeret etter måltidet, takka, gav dei og sa: Drikk alle av det! Dette beger er den nye pakt i mitt blod, som blir utrent for dykk så syndene blir tilgjevne. Kvar gong de drikk av det, så gjer det til minne om meg.

Når liturgen syng eller seier fram orda, eller etter kvar del av innstiftingsorda, lyfter liturgen først brødet, deretter vinen.

Kommentar:

Gudstenesteboka opnar for "Mysteriet i trua" m.m. Dette er ikkje teke med, i samsvar med dagens ordning i Austrheim og Fedje.

Alle nattverdsbønene held fram her

Fadervår

Blir sagt fram eller sunge.

A | Vår Far i himmelen! Lat namnet ditt helgast. Lat riket ditt koma. Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen. Gjev oss i dag vårt daglege brød, og tilgjev oss vår skuld, slik vi òg tilgjev våre skuldnarar. Og lat oss ikkje koma i freisting, men frels oss frå det vonde. For riket er ditt og makta og æra i all æve. Amen.

*22 Nattverdsmåltidet

Kyrkjelyden står heilt til dei første går fram til nattverden.

Fredshelsing PAX

L seier | Guds fred vere med dykk.

K | Guds fred vere med deg.

Her kan ein leggja til:

L/ML | Lat oss helsa kvarandre med eit teikn på fred.

Kyrkjelyden helsar kvarandre med handtrykk og seier «Guds fred» eller liknande ord.

Kommentar:

Gudstenesteboka opnar eiga punkt om brødsbryting. Dette er ikkje teke med, i samsvar med dagens ordning i Ausstrheim og Fedje.

Du Guds Lam AGNUS DEI

Allmenn serie 1, 2, fest- og fasteserien

A syng | Du Guds Lam, som ber all verdsens synder, miskunna deg over oss.

Du Guds Lam, som ber all verdsens synder, miskunna deg over oss.

Du Guds Lam, som ber all verdsens synder, gjev oss din fred.

L seier | Kom, for alt er gjort ferdig.

Kommentar:

Gudstenesteboka opnar for at invitasjonen vert gjeve for Agnus Dei. Her kjem den etter, i samsvar med dagens ordning.

Utdeling

Under utdelinga kan ein syngja ein eller fleire salmar, eller det kan vera korsong eller annan høveleg musikk.

Til vanleg blir det nytta intinksjon.

Kommentar:

Gudstenesteboka legg opp til at soknerådet vel utdelingsmåte. Det er difor arbeid inn ein setning om intinksjon, i tråd med praksis i Austrheim og Fedje

Utdelingsorda lyder slik:

Kristi kropp, gjeven for deg. Kristi blod, gjeve for deg.

Det er òg høve til å nytta utdelingsorda

Dette er Jesu lekam. Dette er Jesu blod.

Dei som kjem fram og viser at dei ikkje skal ta imot nattverden,

blir velsigna av den som ber brødet, med handspålegging eller krossteikning.

Liturgen kan seia dette eller liknande ord:

Herren velsigne deg og vare deg og føre deg til det evige livet.

Dersom det er utdeling med felles knefall, kjem fredsonsket anten etter kvart knefall eller til slutt.

Etter utdelinga:

L seier | Den krossfeste og oppstadne Jesus Kristus har no gjeve oss sin kropp og sitt blod som han gav til soning for alle våre synder.

Han styrkje oss og halde oss oppe i ei sann tru til det evige livet.
Fred vere med dykk.

23 Avslutning av måltidet

Altret blir rydda. Beger og disk blir dekte med nattverdsklede.

Takkebøn

L: Lat oss takka og be

L/ML | Vi takkar deg, himmelske Far, for dine velsigna gåver. Vi bed at du ved desse gåvene vil halda oss fast i trua på deg, sameina oss i din kjærleik og stadfesta i oss håpet om det evige livet, for Jesu Kristi skuld.

K | **Amen.**

Eller ei anna godkjend takkebøn,

Kommentar:

Gudstenesteboka opnar for kyrkjelydssvar "Han styrkje oss..." , men i Austrheim og Fedje seier liturgen desse orda.

Gudstenesteboka opnar og opp for at takkebøna kan syngjast. Det er ikkje teke med her i tråd med dagens praksis.

iv. sending

*24 Salme

Salmen kan flyttast til Postludium/Utgangsprosesjon, ledd 27.

*25 Velsigning

Den enkelte kan gjera krossteikn etter velsigninga.

Lovprising BENEDICAMUS

L/ML syng eller seier | Lat oss prisa Herren.

A | **Gud vere lova. Halleluja. Halleluja. Halleluja.**

eller

L seier | Ta imot velsigninga.

L syng eller seier | Herren velsigne deg og vare deg. Herren late sitt andlet lysa over deg og vere deg nådig. Herren lyfte sitt åsyn på deg og gje deg fred. ✠

Kyrkjelyden kan syngja:

K | **Amen. Amen. Amen.**

Tre gonger tre bøneslag

*26 Utsending

*27 Postludium/Utgangsprosesjon

Dersom det er utgangsprosesjon, kan kyrkjelyden følgja etter prosesjonen. I staden for postludium kan kyrkjelyden syngja ein salme medan ein går ut.

Etter gudstenesta kan kyrkjerommet vera ope ei stund, med høve til stille bøn og ettertanke.

Ein kan òg følgja opp oppdraget ved utsendinga med fellesskapssamling.

ML | Kunngjeringar

L Gå i fred. Ten Herren med glede.

Kommentar:

Gudstenesteboka opnar opp for ulike plasseringar av kunngjeringar. I Austrheim og Fedje legg ein opp til kunngjering her. Gudstenesteboka nemner også anna aktivitet som kan følgje gudstenesta. Desse forslaga er ikkje tekne med her.